

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 27.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Volda kommune fekk eit nytt positivt prøvesvar på koronavirus i går kveld (26.03.20).

Det er god kontroll på smitta. Personen er truleg smitta i utlandet. Det er ingen samanheng mellom denne og den førre personen som testa positivt som også kom frå utlandet. Det vart teste 14 nye i går som kommunen ikkje har fått svar på.

Samla er det 5 som har testa positivt i Volda kommune fram til no. Dei som har testa positivt i Volda har ikkje vore alvorleg sjuke eller innlagt. Det er krav til at ein må vere frisk i ei heil veke før ein kan friskmelde nokon som har testa positivt på koronavirus. Dei som testar positivt blir fylgt opp av fastlegen dagleg eller oftare ved behov. Dei får også eige nummer dei kan ringe dersom dei vert dårlegare eller har spørsmål til legen sin. Det finns ikkje eit godt nasjonalt system for å registrere friskmeldte personar.

Ikkje ver redd for å ta kontakt med lege for andre helseutfordringar.

Legetenesta er organisert slik at det ikkje er fare for smitte mellom dei med luftvegsinfeksjon og dei med andre helseutfordringar. Det er viktig at innbyggjarane veit at dei kan vere trygge på at legetenesta har stort fokus på og gode tiltak for å gje trygge legetenester til dei som har andre helseutfordringar og treng legetilsyn.

Legekontoret er todelt der det er oppretta eige legekontor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

Videokonsultasjon med lege. Det er muleg å få legekonsultasjon gjennom video. Pasienten får då ei tekstmelding med ein link. Når ein trykker på denne linken må ein logge seg inn med «MinID». Ein kjem vidare til eit virtuelt venterom dersom legen ikkje er klar til å ta imot.

Smitta er i lokalmiljøet. Det er til no fem personar som har testa positivt i Volda. Smitta er i lokalmiljøet, og den enkelte må ta situasjonen alvorleg. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Hald avstand og vask hender. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, hald fysisk avstand til andre og vask hendene ofte. Ver særleg merksam på at det kan vere smitte på kontaktflater som mange tek på når du er i butikken eller fyller drivstoff. Det er viktig at butikkane, bensinstasjonane og liknande informerer godt og legg til rette for at folk kan skjerme seg og sprite hendene. Det vil vere uansvarleg dersom ein berre går inn i butikken utan å halde avstand til andre og følgje råda til personleg hygiene.

Hjelp til å handle. De som er sjuke, er i karantene eller er i risikograppa kan ta kontakt med frivilligsentralen som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har

andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

Dei tilsette i kommunen gjer ein god jobb. Reinholdarane, legetenesta og dei som arbeider i helse og omsorg har no eit ekstra trykk og gjer ein god jobb for å ivareta innbyggjarane. Oppvekst har på særskilt kort tid kasta seg rundt og tatt nye utfordringar. Dei jobbar hardt frå morgon til kveld for å halde kontakt med heimane og elevane sine. Det er verkeleg imponerende at dei greier å transformere undervisninga så hurtig og med så stor grad av kreativitet. Det er fascinerande å sjå at dei løyser oppgåvene på ein måte som foreldre og elevar er tilfredse med. Vi har også fått raskt opp tilbod i skule og barnehage for dei som har krav på slik tilrettelegging. Dei to førstnemnde står i første linje for å hindre spreiding. Det er generelt god dugnadsinnsats blant dei tilsette til å ta eit tak i denne ekstraordinære situasjonen.

Situasjonen i næringslivet er alvorleg. Regjeringa har kome opp med utvida tiltakspakke i dag. Dette er svært viktig å unngå konkursar og arbeidsløse med store konsekvensar for familiar og samfunnet. Det er viktig at desse tiltaka er tilpassa behova i næringslivet i vårt lokalsamfunn. Regjeringa kjem attende med meir detaljar dei næraste dagane, og da vil vi vite meir kva verknad dette får for vårt næringsliv.

Ta vare på kvarandre. Det er viktig at familiar står saman og ivaretek kvarandre gjennom kriseperioden. Vidare er det viktig at ein tenkjer på andre som kan ha behov for hjelp. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Det er viktig å tenkje på at krisesituasjonen er mellombels, og at vi skal attende til normal situasjon.

Registrer deg som frivillig. På kommunen si heimeside kan frivillige som vil hjelpe til registrere seg. Dette gjeld helsepersonell, frivillige og dei som har verneutstyr.

Status på registrerte frivillige (26.03.20)

- Tal på frivillige som har meldt seg: 83
- Tal på helsepersonell som har meldt seg: 120
- Tal på registreingar av verneutstyr: 4

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-13.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonale informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus. Har du tankar eller bekymringar i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 91598370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett, og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.